

# PM

Bø o – lag ønskjer velkomen til o-løp på Folkestadåsane frå Telemarkshallen søndag 13. mai 2018.

**START:** Det er ca. 1200 meter til starten retning sørover frå samlingsplass. Merkinga går gjennom Bø Sommarland - parken. **Ikkje bruk parken som toalett!!!** 40 – 50 meter stigning siste del. Rekn med 15 – 20 minutt å gå!

**TIDTAKING:** Det er fri starttid i dei opne klassane. Andre klassar har oppsette starttider. Opprop 3 min før tidsstart. Lause postbeskrivingar og backup-lappar finst ved start. Første start er klokka 11:00, løparar i N-open kan starte frå klokka 10:00.

**TOALETT:** Inne i Telemarkshallen. Ta av o-sko før du går inn!

**DUSJ:** Garderobar og dusj inne i Telemarkshallen. Ta av o-sko før du går inn!

**TERRENG:** Terrenget er for det meste open skog med ein del svaberg og opne myrer. Store område er flate og lettsprungne. Noko lyng.

**PREMIERING:** Til alle i klassar opp til og med 12 år og i H/D 13-16 N og D/H 17 N. 1/3 premiering elles i klassane 13-16 år. Til vinnarane i dei andre klassane.

**FØREHANDSUTDELING AV KART:** D/H17-N, D/H13-16N, D/H11-12N, D/H-10, N-open og D/H11-12 får utdelt kart på løpskontoret. Hugs å ta med kartet til start.

**MERKING I N-LØYPE:** Den utydelege stien mot 1.post er delvis merka med plastband.

**LITEN FEIL I POSTBESKRIVING:** Posten med kode 60 ligg sør for steinen. Ikkje vest for steinen slik det står i postbeskrivinga. Ein del A-/B-løparar skal innom denne posten seint i løpet.

## KART

Folkestadåsane, lett revidert 2018.

Løpskarta er trykte på vassfast papir. Alle løpskarta i A4-format manglar nordpil. Gjeld ikkje dei to lengste løypene. Sjå kartet på oppslagstavla.

## LØYPER OG KLASSAR

Klassar	Lengde	Nivå	Løypenr.	Målestokk
H17-	7,7 km	A	1	1:10 000
H15-16, D/H40-, H50-, D17-, Open lang	5,6 km	A	2	1:7 500
D15-16, D 50-, H60-, Open mellom	4,1 km	A	3	1:7 500
D60-, D/H70-, D/H80-, Open kort	2,8 km	A	4	1:7 500
D/H13-14, D/H15-16B, D/H17-B	3,0 km	B	5	1:7 500
D/H13-16C, D/H11-12, D/H17-C	2,4 km	C	6	1:7 500
D/H17-N, D/H13-16N, D/H11-12N, D/H-10, N-open	1,5 km	N	7	1:7 500

Bø o-lag ønskjer dykk ein fin tur i skogen på Folkestadåsane.